



G-14 laget til Rogaland. Harald Nilsen Tangen er nr.3 frå høgre i fremste rekkje.

Dagen i dag har vore spesiell for det 13 år gamle fotballtalentet Harald Nilsen Tangen og far hans Rune Nilsen. Talentfulle Harald debuterte nemleg på Rogaland sitt kretsland då dei spela kamp mot Hordaland på Bømlo i G-14 klassen. Det er om lag 40 år etter at underteikna var publikum på Stord då faren Rune var med og vann over Sunnhordland med det gode juniorkretslandet frå Rogaland.

Harald er eit stort fotballtalent, og han var einaste 13 åring, og dermed yngst i Rogalandstroppen på 14 utespelarar og 2 keeprar. Då han kom direkte til Bømlo frå eliteturnering i Danmark med Sandnes-talentene, vart det bestemt at han skulle sparast og berre spele 2. omgang. Pauseresultatet var 2 - 1 til Hordaland, men kampbildet snudde seg i 2.omgang. Harald som spela på midtbanen var absolutt med og sette sitt preg på kampen. I denne omgangen scora Rogaland 4 mål medan Hordaland berre kvitterte ein gang. Dermed vart sigersifrane 5 - 3 til Rogaland.

Til dagleg spelar Harald på SIF/Vaulen i serien. På dette laget gjer uskedelingen Jens Jørgen Arnesen ein god jobb i trenarteamet. Han har også ein son på laget. I tillegg spelar og trenar Harald med Sandnes-talentene, og med dette laget deltar han i eliteturneringar både i inn- og utland.

Kvar sommar ferierer Harald i Uskedalen, og då held dei seg i trim mellom anna ved å delta på kjeke treningar med oldboys-laget vårt. Det ser han nok fram til i år og.

Alle godt vaksne uskedelinger hugsar far Rune som eit stort fotballtalent. Han hadde mange kampar på Sunnhordland sitt kretsland saman med broren Geir. Eg hugsar enno godt kor stolte vi lagkameratane var etter ein kretskamp mot Bergen der dei to brørne vart framheva som lagets beste i BT saman med Per Håvard Vikanes frå Stord. Bergenslagets beste var Steinar Aase seinare toppspelar i Brann, Start og på landslaget.

Etter ungdomsskulen reiste Rune til Bryne som då spela i toppdivisjonen, medan broren Geir la fotballstøvlane på hylla og reiste til sjøs. Dette er forklaringa på at Rune vart kretslandsspelar for Rogaland også.

Etter nokre år i Bryne gjekk turen vidare til SIF (Stavanger Idrettsforening) som på den tida spela mange sesongar på nivå 2. Då skaut karrieren fart. Rune vart forsvarsklippe og kaptein i mange år. På eit tidspunkt var han svært ettertrakta av Viking, men lojaliteten til SIF vart for sterk, og han var litt for lunken til overgang. Det enda med at Viking i staden henta velkjende Bjarne Berntsen frå 4.divisjonsklubben Figgjo. Skal tru om Rune ikkje har tenkt litt på at han let den muligheten frå seg?

Like fullt har han fått oppleve mykje på fotballbanen. Han har spela på lag med stjerner som Arne Larsen Økland og Rune Ottesen, og har møtt gigantar som Tom Lund og Odd Iversen i kamp. Framleis har han eit aktivt fotballhjarte, og det bankar framleis for SIF.

Etter denne mimringa vert det no spennande å følgje sonen Harald i åra framover. Talentet er det ikkje tvil om, men det er mykje som skal klaffe. Heldigvis er det dugande folk som føl han opp.

Harald er barnebarnet til Hjørdis og Harald Nilsen, og han har namnet sitt etter bestefaren som var langt meir kjend som dugande handelsmann enn som fotballspelar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Rogaland Fotballkrets.